**ALVER**
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Tyark AS
Strandgaten 19
5013 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Larissa Dahl | 02.04.2020 |
| Vår: 20/7919 - 20/17971 | larissa.dahl@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve - gbnr 322/166 s.23-26 rekkjehus med 4 bueiningar hus 05 Mjåtveit

**Administrativt vedtak. Saknr: 386/20**
**Tiltakshavar:** Mjåtveitmarka B16 AS
**Ansvarleg søkjar:** Tyark AS
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve

**VEDTAK**:
*«Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for rekkjehus med 4 bueiningar på gbnr 322/166 seksjonar 23, 24, 25 og 26 på følgjande vilkår:*

1. *Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.*
2. *Ferdigattest skal liggje føre innan 02.03.2022.*
3. *Resten av felles utomhus godkjent i sak 16/3007 DS 02/2017 vert ferdig utbygd og avslutta med ferdigattest innan 02.03.2022.*
4. *Dokumentasjon for innlevering av byggeavfall skal sendast inn.*
5. *SOSI-koordinater for VA-leidningar skal sendast inn før ferdigattest kan utstedast.*
6. *Det skal skje fysisk avgrensning av vidare anleggsområde i samsvar med vedlagt situasjonsplan motteke 31.03.20.»*

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 16/3001 DS 2372017 datert 23.02.17.

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. *Resten av felles utomhus godkjent i sak 16/3007 DS 02/2017.*
2. *Dokumentasjon for innlevering av byggeavfall skal sendast inn.*
3. *SOSI-koordinater for VA-leidningar skal sendast inn før ferdigattest kan utstedast.*

166322166
Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 02.03.2022.

Det vert elles vist til søknad motteken 31.03.2020 og supplert 02.04.2020.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for [heile/delar] av tiltaket.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Mjåtveitmarka 52A, 52B, 52C og 52D |
| Bygningstiltak: | 166322166 |
| Bygningsnummer: | 300609765, 300609766, 300609767, 300609769 |
| Bruksareal: | Totalt: 497,6 $m^2$, s.23:133,4 $m^2$ og s.26:133,4 $m^2$, s,24:115,4 $m^2$ og s.25: 115,4 $m^2$ |
| Avløp: | kommunalt |
| Vatn: | kommunalt |
| Tal på røykløp: | 0 |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/7919

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik<br>Avdelingsleiar | Larissa Dahl<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Image

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Mjåtveitmarka B16 AS | c/o Tysseland arkitektur AS Valkendorfsgaten 9 | 5012 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tyark AS | Strandgaten 19 | 5013 | BERGEN |